

Årsmelding 2013

Styret har vore samansett slik:

Leiar:	Marit Henjum Halsnes
Styremedlem:	Per Henjum
	Roald Lunde (kasserar)
Vara:	Heidi Eiken
Revisor:	Magnar Fredheim og John Gjerløw
Utstillingsnemnd:	Styret + Roger Gåserud og Erling Gjerde
Kontaktperson for gjetarhundnemnd:	Bjørn Hagen
Valnemnd:	Erling Holen og Jan Reidar Njøs

Styret har hatt 2 møter og handsama 11 saker. Elles vert telefon og e-post nytta mykje.

Tal medleamar.

Ved utgangen av 2013 er det registrert 20 betalande medleamar i laget. Dette er same som året før med 19 hovudmedleamar og 1 støttemedlem .

Aktivitet

Kåringa vart avvikla på Slippen/Byggvaren laurdag 7. oktober og 80 værlam vart kåra. Svenn Arne Rygg fekk det beste NKS-lammet og Einar Nedrelo det beste pels-lammet. Dommarane fekk ikkje tilbydd mat/middag, noko som bør organiserast betre i ettertid. Mykje folk besøkte kåringa, sidan det var "Fruktbare dagar". Det vart etterlyst skilt over bingane med namn på eigaren. Per skaffa mange premiar og lokal avisa hadde stor reportasje i avisa.

Innsamling av ull vår og haust vert berre varsla med sms på mobil, utan annonse i lokalavisa, og ser ut til å fungere tilfredstillande

Det vart i 2013 skote 12 rev i Leikanger, mot 14 året før. Det er utbetalt skotpremie på kr 700,-/dyr (kr 8.400,-).

I høve søknad om tilskot til felling av rev, kr 400.- /dyr frå kommunen, fekk me i 2012 fylgjande vedtak: **LSG får løyvd kr 5.000,- pr år på rev for perioden 2012-2015.**

Frå 2013 har vi fått : **Leikanger kommune gjev næringsutøvarar innan sauehaldet i Leikanger kommune betinga løyve til uttak av rødre i 2013 – 2015.**

Møteaktivitet

Leiar deltok på NSG sitt fylkesårsmøte 15.-16. februar 2013.

Per Henjum deltok på saueprosjektmøte i Lærdal i vår, der han orienterte om vår erfaring med radiobjøller.

Per Henjum deltok på møte i rovviltnemnda region 1 i Sogndal 28. august.

Sogn og Fjordane Sau og Geit og Møre og Romsdal Sau og Geit inviterer til felles leiarsamling på Sæbø 25.10.13 – 27.10.13. Per Henjum deltok.

Både Per Henjum og Roald Lunde deltok på møte i kontaktutvalet for rovviltsaker 19. desember i Sogndal.

Bjørn Hagen var med å arrangerte og deltok i fylkesmeitarskapet gjetarhund i Hafslo 6. oktober. Lokallaget bidrog med ein gåvepremie.

Slakteresultat

Årets beitesesong vart dårlegare enn 2012, mykje på grunn av kald vår og seine vårbeite. Resultat av slakt frå heile kommunen levert til Nortura ser slik ut:

Fordeling på dei ulike kvalitetsklassane i prosent:

Klasse	2011	2012	2013
U/E	17,5	21,3	12,4
R	53,3	69,3	69,8
O+/O	27,8	9,2	16,5
O-/P	1,4	0,2	1,3

Slaktevekter, tal lam slakta og middelpris pr kg.

	2011	2012	2013
Middel slaktevekt	18,0	19,3	19,0
Tal lam slakta	1437	1407	1336
Oppnådd middelpris, kr pr. kg	40,77	42,23	46,37

Tap på utmarksbeite

Det var ein nedgang i tap på beite både i 2012 og 2013.


Tap av lam

2002	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
5,7	10,1	8,2	7,4	18,3	7,9	9,4	5,7	5,6

Nedgang i tal sau i kommunen

Tot sau + lam på utmarksbeite i Leikanger Kommune, 2004 - 2013

År	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Gjerde/Njøs	902	1222	1289	1143	1222	1294	1195	1132	1141	1238
Grinde	355	309	319	354	329	357	402	400	380	
Henja/Røysa	1078	1003	902	738	806	879	827	800	739	742
Leikanger	1714	1188	1160	1037	931	1001	923	923	752	1025
Kommunen	4049	3722	3670	3272	3288	3531	3347	3255	3012	3005



Styret

Arbeidsplan 2014

Organisere ullinnsamling

Arrangere fagmøte om innvolsnyltarar

Ta opp med kommunen om kva som vert gjort for å styrke sauehaldet i kommen.